



Grønsaker frå jordbruket.



Ein ivrig 2.klassing.

GJER TRU TIL HANDLING STØTT ARBEIDET PÅ MADAGASKAR

FILADELFIAS VENNER

- Foreining som støttar arbeidet i Filadelfia Sjukelandsby i Manakara, Madagaskar
- Registrert i Brønnøysund med organisasjonsnummer 920028764
- Kontonummer i Jæren Sparebank: 3325.38.50626
- Arbeidet vert leia av et styre i Norge og dyktige medarbeidarar på Madagaskar

Takk for støtte til Filadelfias Venner!

Konto 3325.38. 50626. Vipps 528726
 Det nyttar å hjelpe! Hjelpa kjem fram til dei som treng det. Borna i skulen, pasientane i sjukestova og jordbruket for å skaffe mat til elevane i kantinen.

INNSATSEN HAR GITT STORE RESULTAT I FILADELFIA



Kantineansvarleg Juliette framfor elevane.

Filadelfias Venner starta opp i 2008

Det er halde mange basarar til inntekt for arbeidet i Filadelfia gjennom 10 år. Med stor hjelp frå enkeltpersonar, foreiningar, Lions Sandnes/Ganddal og Gand Y's Mens Club er det bygt kyrkje, prestehus, hus for hyrdane og dei sjuke, skule og kantine, sjuke- og fødestove, lærarbustader og hus for andre tilsette, brønn og vasstårn og oppdyrking av 28 dekar jord samt laga 7 fiskedammar.

Drifta av Filadelfia

Filadelfias Venner som består av alle som har gitt pengar til oppbygging eller drift, har gjort det mogeleg å drive denne staden med alle dei aktivitetar som finst her. Ganddalen menighet i Sandnes har kome med det siste året. Firmaet ResMed AS i Oslo støttar og arbeidet. Staten lønнар jordmora som leiar for sjukestova, og ein lærar i skulen er lønna av staten.

Gå inn på Facebook sida til Filadelfias Venner for å finne meir om arbeidet. Her blir det fortløpande lagt ut nytt stoff.



195 elevar får varm mat kvar dag.

BLI MED OG STØTTE FILADELFIA SJUKELANDSBY PÅ MADAGASKAR

SKULEN-KANTINA-SJUKESTOVA-JORDBRUKET



Nokre av dei 195 elevane ute i eit friminutt. Det er glede over å gå på skulen i Filadelfia.

FILADELFIAS VENNER

DETTE ER MÅLGRUPPA FOR ARBEIDET I FILADELFIA SJUKELANDSBY I MANAKARA:

- Elevane på skulen
- Pasientane i sjukestova og dei som skal føde i fødestova
- Jordbruket og produksjonen av mat for elevane i kantina
- Jordbruket som praksisplass for elevane

SJUKE- OG FØDESTOVA

I 2018 var det 1838 konsultasjonar i sjukestova og 374 kvinner var på svangerskapskontroll. Kvar dag var det i gjennomsnitt 15-20 pasientar innom sjukestova. Og det kjem heile tida kvinner som skal føde. Jordmora og ein assistent driv dette arbeidet. I tillegg er det nokre praksisstudentar som staten sender dit, og det var siste året også norske sjukepleiestudentar på kortare opphald for praksis.

SKULEN OG KANTINA

Det er i dag 195 elevar i skulen med 5 klassar og 5 lærarar. Dette fører fram til folkeskuleeksamen. Det seiest at 70 % av elevane ikkje ville fått skulegong om denne skulen ikkje var der. Det er stor analfabetisme i dette området. Elevane får eit varmt måltid midt på dagen.

JORDBRUKET

28 dekar jord høyrer til Filadelfia. Her dyrkast det mais, maniok, søtpoteter, grønnsaker, banan, ananas, nelliktre og andre treslag. Det er og anlagt ein planteskule for oppal av småplanter. Og det er laga til 7 fiskedammar for oppal av Tilapiafisk. Jordbruket og fiskeoppdrettet skaffar mat til kantina, og her har elevane sine praksisparcellar for grønnsaker. Dyrkinga av grønnsaker er med i timeplanen for denne grøne skulen.



Jordmora vaksinerer borna i sjukestova.



Foreldre og born ventar på vaksining.



Ein av dei 7 fiskedammane med Tilapiafisk.



Leiar for jordbruket, Claude, med søtpoteter.